



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2016/943-39

Vår ref
15/1238-117

Dato
2. oktober 2018

Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Ferjeavløysingsordninga

Samferdselsdepartementet viser til brev frå fylkeskommunen av 4. juni i år, og tidlegare korrespondanse i saka. Bakgrunnen for brevet er at Samferdselsdepartementet i brev av 30. april i år til fylkeskommunen har konkludert med at omlegging av ferjesambandet Skjersholmane – Ranavik ikkje fell inn under ferjeavløysingsordninga. Fylkeskommunen viser til retningslinene for den fylkeskommunale ferjeavløysingsordninga, og meiner at retningslinene vert tolka for strengt.

Opphavelag galdt ferjeavløysingsordninga berre avløysing av ferjesamband. Med dåverande kostnadsnøkkel tapte ikkje fylkeskommunane noko på at eit ferjesamband vart korta inn. Innkorting kunne heller ikkje utløysa ferjeavløysingsmidlar, all den tid det var talet på ferjesamband som avgjorde kor mykje fylkeskommunane fekk i tilskott.

Delkostnadsnøkkelen for båt og ferje er lagt om. Innkorting av eit ferjesamband kan gje endringar i kriteriedata som utløyser reduksjon i rammetilskottet. I kommuneproposisjonen for 2018 vart det derfor sett fram framlegg om å endra retningslinene for ferjeavløysingsordninga slik at vegprosjekt som kortar inn eit ferjesamband, utan å avløysa det heilt, vert omfatta av ordninga. Tanken bak det heile er omsynet til at ein del samband er sett saman av fleire delstrekningar. Eit ferjeavløysingsprosjekt kan avløysa ei eller fleire delstrekningar, utan at heile sambandet vert avvikla. Det har likevel heile tida vore ein føresetnad for ordninga at det skal liggja føre avvikling av ei eller fleire delstrekningar av sambandet. Omlegging eller flytting av ferjekaiar har ikkje vore omfatta av ordninga. Kravet er at nokon skal få avløysing frå ferje.

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikkikkerhetsavdeling

Saksbehandlar
Dag Namtvedt
22 24 82 49

Den aktuelle saka dreier seg om flytting av ferjekaiar, som ein del av ei større omlegging av transportsystemet i regionen. Etter departementet si vurdering fell denne omlegginga utanfor ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer.

Midlar til ferjeavløysing er ein del av ein totalsum over rammetilskottet til alle fylkeskommunar. Slik sett vert bruk av ferjeavløysingsmidlar dekkja av eit spleiselag av alle fylkeskommunar.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt
underdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet